

**Vindafjord kommune**  
**v/kommunalsjef Øyvind Valen**

**Særutskrift frå styremøte i Vats Grendautval**  
**Torsdag 3. mai i Vindafjordhallen kl. 19.30**

**1. Høyringsuttale om barnehageutbygging i Vats.**

Styret i Vats Grendautval har lese gjennom høyringsdokumentet og drøfta innhaldet. For Vats sin del ser det bra ut med barnehagedekkinga for øyeblikket, men me ser at dersom barnetalet skulle auka ein del og den private barnehagen hos Hatteland bli lagt ned, vil kommunen få eit stort problem med å ha for liten kapasitet.

Når det nå er bestemt at kontantstøtta skal vekk frå august 2012, må ein rekna med at behovet for barnehageplassar også vil auka.

Leiaren i grendautvalet har snakka med leiaren i Vats barnehage, Ulla Johansen, om nå-situasjonen. Ho sa at Vats barnehage kan utvidast med ein avdeling med 8 – 9 barn, men ut over det vil kapasiteten vera sprengt.

Eit anna argument for at behovet vil auka, er at mange foreldre ynskjer å vera ute i jobb i heile stillingar, og då vil behovet for at borna skal gå 4 – 5 dagar/veka i staden for 2 dagar vil også auka.

Fleire foreldre har ikkje fått tildelt dei dagane dei i utgangspunktet ynskjer og vil av den grunn ha behov for fleire dagar. Dette aukar også presset på kapasiteten til barnehagen.

Vats barnehage har eit svært godt uteområde – romsleg og godt, men her manglar det mykje uteleiketilbod. Det som er av tilbod ute, er nedslite eller gamalt og utrangert. Ein god del av utstyret er fjerna, men er ikkje blitt erstatta. Det trengs sårt til fornying av aktivitetsapparat ute.

**Utbygging:**

Grendautalet ser at Vats har brukbar barnehagekapasitet nå, men vil be kommunen om å vera på vakt og vera budd på å utvida med ny avdeling i eksisterande bygg.

Kommunen må også sjå på mogleg utbygging av eksisterande bygg eller å byggja ut barnehage nr 2 for å innfri kravet om full barnehagedekking om nokre år.

Kommunen må eventuelt vurdere ny barnehage på ny lokasjon annan stad i Vats om naudsynt.

Øvre Vats 3. mai 2012

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-